



**Møteprotokoll
for
Formannskapet**

Møtedato: 15.10.2014

Møtestad:

Møtetid: 14:00 - 15:30

Frekhaug Senterforening v/Gisle Skauge, Frekhaug Torg v/Tom Lingjerde og Rema 1000 v/Bjørn Johnny Vågenes tok del i dialogmøte med Meland formannskap om korleis ein kan utvikle Frekhaug senter.

Regionbanksjef Trygve Waage i Sparebanken Vest orienterte om banken planar om å leggje ned filialen på Frekhaug.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Varamedlem
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Varamedlem
Ørjan Kristiansen	FrP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Rolf Hansen	AP
Sigmund Larsen	FrP

Desse møtte frå administrasjonen:

Sakliste

Saknr **Tittel**

75/2014 Godkjenning av innkalling og sakliste

- 76/2014 Godkjenning av møtebok
- 77/2014 Referatsaker
- 78/2014 Aktuelle saker
- 79/2014 Orientering av rådmannen
- 80/2014 Økonomisk Rapportering pr september 2014
- 81/2014 Overføring aksjer i Sambandet Vest AS frå Meland kommune til Nordhordland Utviklingsselskap AS
- 82/2014 Søknad om kjøp av fellesareal i Frekhaug senter

75/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

15.10.2014 FORMANNSKAPET

FS - 75/2014 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

76/2014: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 24.10.14 vert godkjent.

15.10.2014 FORMANNSKAPET

Marit Jøssang:

I møtebok frå møte 24.09.14 er det skrivefeil i sak 70/14 - Busetting av flyktingar. Feilen vil bli retta i møtebok.

FS - 76/2014 VEDTAK:

Møtebok frå møte 24.10.14 vert godkjent med ovannemnde endring.

77/2014: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

15.10.2014 FORMANNSKAPET

FS - 77/2014 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

78/2014: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

15.10.2014 FORMANNSKAPET

Følgjande saker vart tekne opp:

Ordførar:

- Melding frå fylkeskommunen om at Meland har fått heile potten, 3,1 mill. kr til utbygging av breiband.
Kommunen må truleg inn med midlar og. Sak opp i formannskapet - korleis få best mogeleg utnytting.

Sølvi Knudsen:

- Korleis kan ein pressa på for å få betre moblidekning i enkelte krinsar.

Marit Jøssang:

- Parkeringsproblem for reisande med båt frå Frekhaug kai.
- På Mjåtveitvegen manglar det lys på ein strekning.

FS - 78/2014 VEDTAK:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

79/2014: Orientering av rådmannen

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

15.10.2014 FORMANNSKAPET

Det vart orientert om følgjande:

- Ein vil lage til rutine over aktuelle saker som vert tekne opp. Oppstart vert over nytt år.
- Liste over bevilling av midlar til tiltak i kommunen. Opprette system for dette.
- Endring innanfor NAV-systemet - uroa over utviklinga.

FS - 79/2014 VEDTAK:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

80/2014: Økonomisk Rapportering pr september 2014

Rådmannen sitt framlegg:

Budsjettrapport med prognose pr september 2014 vert teken til vitande

15.10.2014 FORMANNSKAPET

FS - 80/2014 VEDTAK:

Budsjettrapport med prognose pr september 2014 vert teken til vitande

81/2014: Overføring aksjer i Sambandet Vest AS frå Meland kommune til Nordhordland Utviklingsselskap AS

Rådmannen sitt framlegg:

1. Meland kommune godkjenner at 12 av aksjane som kommunen eig i Sambandet Vest AS vert overdratt til Nordhordland Utviklingsselskap AS i samsvar med vedtak i generalforsamlinga i Sambandet Vest 24. juni 2014. Kommunen er etter dette eigar av 12 aksjar i Sambandet Vest AS. Oppgjer for aksjane, kr 120.000,- vert å motrekne same beløp som Nordhordland Utviklingsselskap AS har forskotsbetalt for aksjane som kommunen erverva i 2013.
2. Kommunen betalar inn rest aksjekapital kr 120.000,- til Sambandet Vest ihht. budsjett for 2014.

15.10.2014 FORMANNSKAPET

FS - 81/2014 VEDTAK:

1. Meland kommune godkjenner at 12 av aksjane som kommunen eig i Sambandet Vest AS vert overdratt til Nordhordland Utviklingsselskap AS i samsvar med vedtak i generalforsamlinga i Sambandet Vest 24. juni 2014. Kommunen er etter dette eigar av 12 aksjar i Sambandet Vest AS. Oppgjer for aksjane, kr 120.000,- vert å motrekne same beløp som Nordhordland Utviklingsselskap AS har forskotsbetalt for aksjane som kommunen

erverta i 2013.

2. Kommunen betalar inn rest aksjekapital kr 120.000,- til Sambandet Vest ihht. budsjett for 2014.

82/2014: Søknad om kjøp av fellesareal i Frekhaug senter

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune vil i Frekhaug senterforening stemme for at B. Hagen eiendomselskap AS får kjøpe areal i samsvar med søknad.

15.10.2014 FORMANNSKAPET

FS - 82/2014 VEDTAK:

Meland kommune vil i Frekhaug senterforening stemme for at B. Hagen eiendomselskap AS får kjøpe areal i samsvar med søknad.
